

# Partnarskap i kommune- og tettstadplanlegging i Hordaland

## SØKNADSSKJEMA

### Prosjektnamn: Gå- og sykkelstrategi for Austrheim kommunesentrums

Prosjektansvarleg: (Namn, adresse, e-postadresse, telefon)

Prosjektleiar: (Namn, adresse, e-postadresse, telefon)

Start: (dato)

Slutt: (dato)

## 1. Bakgrunn

Austrheim kommune vil utarbeide ein heilskapleg gang- og sykkelstrategi for Austrheim kommunesentrums med mål om å gjere tettstaden meir attraktiv for gåande og syklende. Dette for å få fleire til å gå eller sykle når dei skal frå A til B, og for å få fleire til å gå og sykle på tur. Begge deler vil fremje miljø og folkehelse.

Gjennom programmet *Austrheim heile livet* har det vore sett fokus på tettstadutvikling i Austrheim kommunesentrums. Det er gjennomført *Mulighetsanalyse Austrheim kommune 4.0* og *Mulighetsanalyse Kommunesentrums* slår fast at utvikling av kommunesenteret må ha høgaste prioriteten. Det vert peika på at det i kommunesentrums ligg kommunehuset, Mastrevik Torg, bensinstasjon og brannstasjon omringa av mykje open plass med potensiale for god fysisk sentrumsutvikling. Vidare vert det understreka at Austrheim kommunesentrums har potensial til å utvikle seg mot sjøen både i austleg og vestleg retning, mot Åråsvågen og Mastrevikane. Åråsvågen vert definert som Austrheim kommunesentrums sitt ansikt på sjøen med potensial for vidareutvikling. Fortetta busetting og fleire bedrifter vil bidra til å vitalisere sentrum. Samtidig vert det understreka at det trengs ei fysisk oppgradering for å skape sentrumskjensle, inkludert utbetring av infrastruktur for bilistar og gåande. Dette vert følgt opp i *Austrheim heile livet – Samfunnsutviklingsprogram 2013-2015* (kommunestyresak 152/13), der utarbeiding av ein gangstrategi/prosjekt «Gangbar tettstad» er eit av tiltaka. Såleis er utarbeiding av ein slik strategi godt forankra politisk.

## 2. Mål for prosjektet

Mål med prosjektet er:

- Å legge betre til rette for at fleire går og sykklar når dei skal frå A til B, slik at kommunesentrums vert mindre bilbasert.
- Å gjere det meir attraktivt å gå og sykle for rekreasjon og mosjon i kommunesentrums.

## 3. Prosjektet si tilknyting til mål i fylkesplan, kommunalt planarbeid og tettstadutvikling

I fylkesplanen heiter det at «*Lokalsamfunna skal ha gode miljøkvalitetar, universell utforming, samanhengande grøntstruktur og tilgang til friluftsareal og møteplassar for fysisk aktivitet og sosialt fellesskap*» (s. 38). Med ein gang- og sykkelstrategi følgjer me opp dette punktet i fylkesplanen. Fylkesplanen inneheld elles lite konkret når det gjeld ein gå- og sykkelstrategi. I Austrheim kommune sin kommuneplan – samfunnsdelen (kommunestyresak 018/15) vert ein gåstrategi framheva som viktig for tettstadutviklinga, og det vert vist til utviklingsprogrammet Austrheim heile livet. I *Austrheim heile livet – Samfunnsutviklingsprogram 2013-2015* (kommunestyresak 152/13) er utarbeiding av ein gangstrategi/prosjekt «Gangbar tettstad» er eit av tiltaka.

# **Partnarskap i kommune- og tettstadplanlegging i Hordaland**

## **SØKNADSSKJEMA**

### **4. Aktivitetar i prosjektet**

For å lukkast med målsettingane vert det viktig å knytte Kystlandsbyen tettare saman med Mastrevik Torg og kommunehuset, og å knytte Åråsfeltet (det største bustadområdet i kommunesentrum) tettare saman med begge desse områda. Samstundes må ein sjå nærare på korleis Mastrevikane og Årås skule/idrettsparken kan koplast tettare på kommunehuset og Mastrevik Torg. Austrheim kommune meiner at dette hovudsakleg må gjerast gjennom ein gang- og sykkelstrategi. Det vert difor søkt om midlar til å utarbeide ein heilskapleg gang- og sykkelstrategi for Austrheim kommunesentrum, inkludert prosjektering av strandpromenade. Strategien vil danne eit viktig fundament og bakgrunn for områdeplanarbeidet for kommunesentrum som skal startast til hausten.

Austrheim kommune vil peike på følgjande tiltak som vil inngå i gang- og sykkelstrategien:


- Strandpromenade Åråsfeltet – Daaebua – Kystlandsbyen, inkludert avstikkar til Mastrevik Torg. Tiltaket vil forkorte avstanden frå Åråsfeltet til Kystlandsbyen. Promenaden vil vere ein del av kulturaksen i kommunesentrum frå Kunsthuset via båtsamlinga i Daaebua til Kystlandsbyen, også med kulturelt innhald. Ein del av promenaden er lagt inn i reguleringsplan for Kystlandsbyen.

Austrheim kommune vil vidare peike på fleire moglege tiltak som kan vere aktuelle:

- Gangbru over Åråsvågen til Kystlandsbyen. Tiltaket vil forkorte gå- og sykkelavstand frå Åråsfeltet til Kystlandsbyen, Mastrevik Torg og kommunehuset drastisk. I kombinasjon med strandpromenaden vil dette danne ei naturleg rundløype i sjøfronten av kommunesentrum.
- Sykkel- og gangveg frå andre sida av vegen for kommunehuset til sykkel- og gangsti som går frå idrettsparken til Mastrevikane.
- Trimpløype i tilknytning til idrettsparken.
- Sykkel- og gangveg frå Leikvoll til idrettsparken.
- Sykkel- og gangveg frå Kystlandsbyen til Sætre. Tiltaket vil vere ein del av sykkel- og gangveg frå kommunesentrum til Kilstraumen.

Strandpromenaden Åråsfeltet – Daaebua – Kystlandsbyen, inkludert avstikkar til Mastrevik Torg er klart for prosjektering, og det vert derfor også søkt om midlar til prosjektering av denne. Skisse over moglege gang- og sykkelvegar, samt fortau og transportkoridorar for mjuke trafikkantar på bilveg:

# Partnarskap i kommune- og tettstadplanlegging i Hordaland SØKNADSSKJEMA



Desse må i prosjektet viderast nærmare. Kanskje vil andre trasear vere betre nokre stader, og så er det det ei meir detaljert planlegging av traseane.



Gang- og sykkelstrategien for kommunesentrum vert også ein del av eit større prosjekt for å mobilisere innbyggjarane til eit utviklingsprosjekt for kommunesentrum med utgangspunkt i dei lokale ressursane. Det vil verte helde folkemøte, og dersom det er interesse for det vil me vurdere å setje i verk kreative verkstader med fokus på ulike tema, der gang- og sykkelstrategi kan vere eit aktuelt område.

# **Partnarskap i kommune- og tettstadplanlegging i Hordaland**

## **SØKNADSSKJEMA**

---

### **4. Organisering og framdrift**

Austrheim kommune har ei prosjektgruppe som arbeidar med tettstadutvikling. Gruppa består av avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø Asbjørn N. Toft, kommuneplanleggjar Rolf Raknes og prosjektleiar utvikling Frode Hervik. Denne gruppa vil gjennomføre prosjektet med Hervik som prosjektleiar og Toft som prosjektansvarleg.

Framdrift:

- Utarbeiding av gang- og sykkelstrategi. Oppstart februar 2015.
- Anbod prosjektering av strandpromenade Åråsvågen. Mars 2015.
- Folkemøte. Tettstadutvikling. Mars 2015.
- Ferdigstilling av gang- og sykkelstrategi. Politisk handsaming. September 2015.
- Prosjektering av strandpromenade. Ferdig. September 2015.

### **5. Budsjett og finansiering**

<b>Budsjett</b>		<b>Finansieringsplan</b>	
Art:	NOK	Kjelde:	NOK
Utvikling av sykkel- og gangstrategi	100.000	Tettstadmidlar, HFK	150.000
Prosjektering sykkel- og gangveg strandpromenade	200.000	Austrheim kommune	100.000
		Austrheim kommune, eigeninnsats	50.000
SUM	300.000	SUM	300.000

### **6. Anna relevant informasjon (td. planstatus, forventa ringverknader o.l)**

Kystlandsbyen er eit unikt prosjekt for tettstadutvikling i Austrheim kommunesentrum som hentar inspirasjon frå italienske landsbyar. Bak planane står selskapet Kystlandsbyen AS som er eigd av Markhus Bolig. Austrheim kommune har eit tett samarbeid med utbyggjar, ikkje minst med tanke på den offentlege delen av Kystlandsbyen. Kystlandsbyen ligg ved Åråsvågen, og tek mål av seg å vende Austrheim kommunesentrum mot sjøfronten. Prosjektet har fått ei arkitektonisk utforming som foreinar tradisjon med nyskapande element. Det vert fokusert på fortetting av bustader og næringsutvikling, samstundes som ein legg vekt på å gjere sjøfronten tilgjengeleg og utvikla møteplassar. Den heilskaplege tilnærminga gjer prosjektet unikt og spennande. Dersom ein greier å realisere planane om eit torg i sjøfronten med tenesteytande næringsverksemd, som til dømes serveringsstader, vil ein kunne skape eit meir pulserande sentrum i Austrheim. Dette føreset også gode kommunikasjonsårer til Mastrevik Torg og kommunehuset, samt til Åråsfeltet på andre sida av vågen. Ein gang- og sykkelstrategi vil sáleis vere viktig for Kystlandsbyen.

# **Partnarskap i kommune- og tettstadplanlegging i Hordaland**

## **SØKNADSSKJEMA**

Austrheim kommune deltek som pilotkommune i implementering av konseptet «Trafikksikker kommune» i Hordaland. Føremålet med konseptet er å styrke det systematiske, tverretatlege trafikksikringsarbeidet i kommunen. Konseptet er utvikla av Trygg Trafikk, og Hordaland fylkeskommune har gjennom sin Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017 valt å støtte oppunder arbeidet med å implementere konseptet i kommunane i Hordaland. Ein heilskapleg gang- og sykkelstrategi vil også vere eit viktig bidrag til trafikksikringsarbeidet i Austrheim kommune. Austrheim kommune startar i 2015 også med «Kartlegging og verdsetting av friluftsområde».

Dato: ..... Ordførar .....  
(Signatur)

**For utfyllande informasjon om tilskotsordninga, sjå brosjyra ”Partnarskap i kommune- og tettstadplanlegging i Hordaland” på [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan)**